



Klepp kommune
Postboks 25
4358 KLEPPE

Dato: 08.05.2023
Arkiv: K2-A09, K3-&10
Vår ref (saksnr.): 23/866- 2
Journalpostid.: 23/19626
Dykkar ref.: 36258924-e5de-483e-8381-d5ebb9b74e48

Svar på førespurnad om mogleg samarbeid om ungdomsskule på Frøyland

Viser til førespurnad sendt oss 21.03.2023, i samband med vedtak i utval for Barn og unge i Klepp kommune 9.mars, knytt til sak om mogleg løysing for Orstad skule.

Time kommune har drøfta saka internt i administrativ skuleleiing, saman med kommunedirektør. Ein formell handsaming av saka vil krevje ein meir omfattande involvering, både politisk og med føresette.

Time kommune har så langt hatt gode erfaringar med å drifte ein grunnskule saman med Klepp. Og om det skulle bli fleirtal for ei slik løysing i begge kommunane, ville det frå vår side vore naturleg å leggje desse erfaringane til grunn.

Skulebruksplanen er vårt strategiske dokument knytt til skulestruktur i Time kommune. Denne skal reviderast i 2024.

Med helsing

Eskil Nygaard
kommunalsjef

Dette brevet er elektronisk godkjent. Skal du svara på brevet, ønsker me at du gjer det elektronisk via [sikker digital innsending](#).

Kopi til:

Pamela Sudmann
Trygve Apeland